



Bjarne ved scenekanten

**Den store bluesentusiasten frå Uskedalen er Bjarne Lilleaas.
Han har vore på mest alle Skånevik blues arrangementa.**



- og i båtmiljøet i Skånevik

Jamvel det året han og familien kom frå langferd med Fatuhiva, la dei turen innom Skånevik før dei avslutta eit års seglestur i heimbygda. Skånevik blues har vore ein markert festival i Sunnhordland i over ti år. Skånevik bluesfestival går over fire dagar og 22 band medverkar

Mange kjem langvegsfrå i båt og bubil. Nokre bur i telt og mange leiger hus i Skånevik sentrum. Mange frå Kvinnherad reiser på dagstur til Skånevik, kjøper dagsbillett og går frå konsert til konsert.

Bjarne Lilleaas vel ut dei beste artistane og står alltid framme ved scenen forå få god kontakt og eit godt inntrykk av banda.

Det store trekkplasteret i House of Blues laurdag var Stavangerensemblen med den velkjende songartisten Froddien.

Bjarne Lilleaas var elles svært godt nøgd med gruppa Tramled Under Foot, tre sysken frå USA som gjer stor suksse i Noreg for tida

Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal.